

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 07.10.2014 kl. 13.00  
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Harald Hole og Ruth Roald

**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå Giske kommune møtte rådmann Marit Larsen i sak 17/14, 18/14, 19/14 og 21/14, økonomisjef Ann Kristin Thue møtte i sak 17/14, 18/14 og 21/14.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 16/14  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. MAI 2014**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 22. mai 2014 blir godkjent.

**SAK 17/14  
VEDTAK OM SATSAR FOR HEIMEHJELP**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 30.09.2014

Rådmannen orienterte om kommunens satsar og gjeldande regelverk.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 18/14**  
**OM HUSLEIGEVIKÅR I OMSORGSBUSTAD**

Rådmannen orienterte og opplyste at ho ville undersøkje praksis i andre kommunar når det gjeld overgang frå husleige til langtidsopphald og gi kontrollutvalet tilbakemelding..

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet avventar tilbakemelding frå rådmannen.

**SAK 19/14**  
**UTSMYKKING AV NY SKULE – BUDSJETT OG PROSEDYRER FOR KJØP AV KUNST**

Rådmannen orienterte. Det er avsett 500.000 kroner til utsmykking av ein total byggekostnad på ca 300 millionar kroner. Prosjektet har ei eiga utsmykkingsnemnd med bistand frå fagleg konsulent.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 20/14**  
**ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISOR**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 30.09.2014

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 21/14**  
**BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2014**

Rådmannen og økonomisjefen orienterte. Det ligg an til eit lite meirfobruk (underskot) i 2014.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 22/14**  
**VEDKOMANDE BUDSJETT 2015 – GISKE KONTROLLUTVAL**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 30.09.2014

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 40.000 kroner.

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik  
nestleiar  
(sign.)

Arnfinn Rune Giske  
medlem  
(sign.)

Harald Hole  
medlem  
(sign.)

Ruth Roald  
medlem  
(sign.)